

Saksprotokoll i Klagenemnda - 15.03.2016

Stig Morten Frøyland (A) stilte spørsmål om han var ugild. Han opplyste at han kjende den som hadde fått tildelt løyvet samt hennar ektemake. Han hadde ingen nær kjennskap til dei, og kjennskapen låg tilbake i tid og var perifær. Frøyland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Klagenemnda vedtok samrøystes at han ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Frøyland tiltredde saksbehandlinga.

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klaga frå Evald Njåstad over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om ikkje å tildela han ledig drosjeløyve R-214 tilknytt Odda Taxilag AS vert ikkje teken til følge.